

## Hella bedehus

Grindheimsvegen 30  
5936 Manger

## Steinar Vågenes

Vågenesvegen 168  
5936 Manger  
e-post: [stevaa@online.no](mailto:stevaa@online.no)  
tlf.: 56370049 / 951 607 13

### Søknad om ekstraordinært tilskot.

Hella bedehus stod ferdig i 1971. Bygget har dei siste åra vorte oppgradert med universell tilgang ved å installera trappeheis og romsleg handikoptolett. Utvendig har taket vorte skifta, og kledningen på vêrsidene skifta og malt. Vindaugo på eine langsida vart skifta i fjor. Innvendig har bedehuset vorte malt, og kombidampar innstallert i kjøkkenet.

Frå 1971 til fram mot år 2000 var det barnelagsarbeid i huset. Frå 2011 har vi hatt Aktivitetsklubb for born frå 2. klasse. Skuleåret 2018/19 hadde vi over 50 medlemmer, og etter første samlinga i haust, kan vi slå fast at frammøtet ikkje har minka, sjølv om det aldri kjem over 50 samstundes.

Slitasjen på det meste i bygget er monaleg større med denne arbeidsforma enn med tradisjonelt oppmøte av vaksne på eit bedehus. Trongen for høveleg utstyr er også stor når inntil 40 born i alderen 7 – 13 år skal aktiviserast samstundes.

Legg ved fakturaer/ kostnadoverslag for nye bord, nytt golv m/lister, kjøkkenøy for diverse kjøkkenaktivitetar, oppvaskbenk som kan koplast til oppvaskmaskin for å unngå søl, og ønskeliste for aktivitetsutstyr.

Storparten av det som er lista opp, er alt betalt. Og vi har fått gode pristilbod på det meste. Det som ikkje er kjøpt inn, er ting vi treng for å kunna driva eit forsvarleg barnearbeid, utan å gjera huset ubrukeleg for dei ulike typane vaksensamlingar vi arrangerer.

Utlegg nye bord:	kr 34 738
Laminat til golv:	kr 30 813
Underlag :	kr 4 046
Div. utstyr kjøkkenøy m.m.	kr 10 946
Oppvaskbenk:	kr 12 636
Golvlister:	kr 4 165
Legging av golv + listing:	kr 12 000
Pris på ønska utstyr	<u>kr 13 440</u>
Samla utlegg	<u>kr 122 784</u>

Hovudinntektskjelda vår er ein stor basar. Elles er det gåver, leigeinntekter og kommunale tilskot som finansierer det meste. Medlemspengane frå Aktivitetsklubben utgjør berre maks kr 5000.

Når vi treng nytt utstyr, er det ikkje alltid like lett å måtta betala privat i første omgang, sjølv om vi veit at det før eller sidan vil koma nok på bedehuset sin konto til at vi får tilbake det meste av utlegga. Kostnadene til dagleg drift og faste utlegg som forsikring og straum må vi alltid ha dekning for. Ber difor om eit tilskot tilsvarande 1/3 av summen til naudsynte investeringar ovanfor, dvs. **kr 40 982**.

For Hella bedehus, 30. august 2019

Vennleg helsing  
Steinar Vågenes